



Rapport frå Franzefoss Gjenvinning – Eide komposteringsanlegg og deponigassanlegg. Inspeksjonsrapport nr. 2010.061 og 2010.062

Verksemdas namn:
Franzefoss Gjenvinning

Arkivkode:
10/45088

Verksemdas adresse:
Postboks 53
1309 Rud

Anleggsnr:
1246.0029.01

Organisasjonsnr:
980888525

Utsleppsløyve av:
26. september 1997 og 29. juni 2009

Tidsrom for kontrollen:
26. august 2010

Tilstades frå verksemda:
Hans Kåre Eide
Hilde Rasmussen

Frå Fylkesmannen:
Sissel Storebø
Barbro Relling
Nina Vadøy Antonsen

Rapporten inneheld :

Denne rapporten skildrar avviket som vart avdekkja innan følgjande kontrollerte område:

- internkontroll med vekt på risikovurderingar, avvikshandtering og det ytre miljø
- utsleppskontroll og krav i utsleppsløyve
- drift av komposteringsanlegget
- handtering av deponigass og drift av deponigassanlegget

Hovudkonklusjon :

Under inspeksjonen vart det påvist følgjande avvik:


1. Verksemda overskrid maksimal mengd mottak av slam og våtorganisk avfall.

Frist for retting av avviket er sett til 1. desember 2010.

Utarbeida dato : 31 AUG 2010


Nina Vadøy Antonsen
overingeniør

Godkjent dato: 31 AUG 2010


Kjell Kvingedal
seksjonssjef

1. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter ein inspeksjon ved Franzefoss Gjenvinning og omfattar komposteringsanlegget og deponigassanlegget ved Eide den 26. august 2010. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav for å beskytte det ytre miljø. Inspeksjonen fokuserer på at krava skal følgjast og rapporten beskriv eventuelle avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. **Rapporten gjev såleis ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.**

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er slik:

AVVIK vert definert som brot på vilkår gjeve i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

MERKNAD er eit tilhøve som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og vert lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- lov om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 7 første ledd/andre ledd og § 29
- forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemda (internkontrollforskrifta)
- forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 9 om deponering av avfall og kapittel 11 om farleg avfall
- utsleppsløyve av komposteringsanlegg av 26. september 1997
- utsleppsløyve til deponidrift etter forureiningslova av 29. juni 2009
- verksemda sin eigen dokumentasjon som vart framlagt ved kontrollen

4. Avvik

Følgjande avvik vart avdekkja under inspeksjonen:

Avvik 1:

Verksemda overskrid maksimal mengd mottak av slam og våtorganisk avfall.

Avvik frå:

Løyve til drift av komposteringsanlegg av 26. september 1997 vilkår 1.1.

Kommentarar:

Verksemda kan ifølgje løyve til drift av komposteringsanlegget av 26. september 1997 ta imot slam og våtorganisk avfall inntil 2 000 tonn per år. Ved tilsyn vart det opplyst at verksemda har

tatt imot omlag 2 400 tonn dei siste åra; opp mot 1 400 tonn avvatna slam og opp mot 1 000 tonn våtorganisk avfall.

6. Andre tilhøve

Utsleppsløyve

Verksemda har eit eldre utsleppsløyve frå Fylkesmannen datert 26. september 1997. Fylkesmannen ventar skriftleg søknad om auka mengd komposteringsavfall utover 2 000 tonn per år. Søknadsskjemaet blir sendt elektronisk.

Avrenning frå slamkomposteringsanlegget

Ved tilsyn vart det observert betydeleg avrenning frå slamkomposteringsanlegget som følgde vegen ned frå anlegget. Vatnet vart leda via kum og inn på sigevassoppsamlinga frå avfallsdeponiet. Fylkesmannen ber verksemda vurdere utbetring av avrenninga ved slamkomposteringsanlegget. Dette er i utgangspunktet eit estetisk og HMS-problem ved verksemda, men kan også vere ei kjelde til luktutslepp.

